



ÅRSMØTE SYVDE IDRETTSLAG 2019

tysdag 25. februar 2020 kl 19.30

Sakliste

1: Godkjenne dei som har stemmerett

2: Godkjenne innkalling og sakliste

3: Velje sekretær, møteleiar og to til å skrive under møteboka

4: Årsmeldingar

5: Rekneskap

6: Medlemskontingent

7: Organisasjonsplan

8: Val

Årsmelding Syvde Idrettslag 2019

Styret har vore samensett slik:

- leiar Atle Midtbø
- nestleiar Karoline Lundås
- kasserar Merete Vatne
- styremedlem Ole Jørgen Strand
- styremedlem Bjørn Erik Drage

Varamedlemar:

- Monika Skår
- Eivind Lars Øvregård

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemda har vorte leia av Kurt Torvanger i lag med Magne Vik og Torfinn Arnesen.

Styret har hatt 4 styremøte, eit evalueringsmøte etter Blåfjelden Rett Opp, samt eit møte mellom styret, Driftstyret på Øverberg og Turgruppa. Leiar har delteke på årsmøtet i Vanylven Idrettsråd.

Idrettslaget har hatt 152 medlemmar. Medlemskontingent har vorte sendt ut via epost- sms til medlemmane frå idrettenonline.

Styret har behandla desse sakene:

- I samband med innkjøp av elektronisk tidtakerutstyr frå EQ- timing vart det signert ein avtale med Stadlandet IL. I april arrangerte vi eit kurs i bruken av utstyret og korleis ein setter opp eit arrangement. Ingar Bjørnø frå EQ- timing var kursleiar, og det var seks personar frå Stadlandet IL og like mange frå Syvde IL som deltok.
- I februar var det eit møte mellom styret, Driftstyret på Øverberg og Turgruppa. Hensikta med møte var blant anna å gi dei som er nye i laget eit innblikk i kva vi styrer med, ha ein åpen diskusjon og dele tankar og idear som kan gjere oss betre. Det vart diskutert vedlikehald av løyper og gapahuk, turnus for trakkemaskin, korleis møter vi forventningane som publikum har til løyper på Øverberg, kva har Turgruppa ansvar for osv.
- Sykkel- Turveg langs Sætrevatnet. Prosjektet er godkjend og vi har fått tildelt kr. 300.000.- til arbeidet. Det er soleis gitt grønt lys til å starte arbeidet som vi håper vil vere ferdig iløpet av 2020.

- Etter fleire tilbakemeldingar og dårleg besøkstal vedtok styret å flytte posten frå Skåranipa. Posten vart flytta til Vikehornet og råsa utover frå Tåbrotet vart betre merka. Myklebust sameige har plan om å lage bru over Helgåa. Råsa til Vikehornet vil starte frå parkeringsplassen på Sætra til Tåbrothytta, derifrå over brua og fylgje avskjeringsgrøfta til kraftverket eit stykke utover til ein treff den gamle råsa til Vikehornet.
- Frå 1. oktober aktiverte vi GEOREG. Registreringane i Fjelltrimmen vil no skje enten i bok eller via GEOREG. Siste åra har det vore vanskelig å hente inn resultata frå Blæja og Myrkevasstinden pga snø og is. Dato for innhenting av resultat vart endra til 31. august 2020. I framtida vert sesongen til Fjelltrimmen frå 1. september til 31. august.
- Vi har administrert utlån av turutstyr for Vanylven kommune si ordning «BUA». Denne ordninga har no vorte evaluert og fungerer dårleg. Det er enighet om at alt utstyret skal samlast på ein stad og kommuna skal sjølv stå for utlånet.
- I samband med utbygginga av tribune og hall på Eidsåvoll vedtok styret å støtte desse prosjekta. Styret ser på denne utbygginga som ein viktig trivselfaktor for heile kommuna og vil bidra med kr. 14 000.- til tribuneanlegget og kr. 10 000.- til hallen.

Blåfelden Rett Opp har som vanlig vore styret si viktigaste oppgåve i året som gikk. Det var sjølv sagt stor spenning til korleis det nye tidtakersystemet ville fungere. Påmelding, fakturering og resultatlister fungerer fint og sparar oss for ein del arbeid. Ein løpar vart ikkje registrert ved målplassering, vi har ingen forklaring på kva som skjedde. Det viser seg at å ha eit backupsystem er nødvendig.

Det vart ein fin sommardag på Blåfelden, litt i varmaste laget for enkelte. Dåregare oppslutning enn dei beste åra, med 163 i mosjon og 60 i konkurranse. I kvinneklassa vann svenske Johanna Åstrøm på 42:51 som er ny løyperekord. Andreas Skylstad vann herreklassa med sterk tid, 40:02.

I Lagkonkurransen deltok fem lag i herreklassa, ingen damelag. Røverane stakk av med sigeren i år som i fjor. Seks deltakarar representerte Syvde Idrettslag i konkurranseklassa.




Johanna Åstrøm og Andreas Skylstad.

Fjelltrimmen: Vi har notert 3003 registreringar i 2019. 28 personar har besøkt alle postane ein eller fleire gongar, av desse er 23 stk medlemar i idrettslaget. Årets Fjellgeit vart Karoline Lundås (1) og Årets Fjellbukke vart Frode Myrvoll (2). Mellom dei yngste fjellvandarane hadde Anna Kristin Øvregård Thue (6), Hanna Torvanger (1) og William Eikrem Nordmark (2) flest poeng. Karoline Lundås vann hotellweekend sponsa av COOP. Styret organiserte bytting og telling av bøkene. Styret og turgruppa arrangerte ein kveldstur til Lisjerøfsdalen der vinnerane fekk sine premiar. Vi fyrde bål ved Urhellom og kokte kaffi. Ein koselig kveldstur som samla 15 deltakar. Vi må også ta med at Terje Eikrem gjenntok bragda frå 2013 der han besøkte alle postane på eit døgn. Denne gongen var turen ein god del lenger fordi han måtte starte på Skåranipa istaden for Ulvenakken. Imponerende!



Anna Kristin, Karoline, Frode og Hanna. William var ikkje tilstades.



Besøktal Fjelltrimmen frå 2011 til 2019.

Det er fleire frå Syvde Idrettslag som deltek i ritt og løp der dei representerer laget på ein fin måte, og styret oppfordrar alle som er aktive om å halde oss oppdatert med resultat og bilete. Birkebeinerrikket er det arrangementet som har flest deltakarakar frå Syvde IL. Vi nemner at Kåre Nygård har 15 Birken arr. totalt, Aud Oddveig Nygård har 16 stk totalt og ho har i tillegg våre med på Blåfjelden Rett Opp, Stadlandet rett vest og Hornindal Rundt.

351	Nordal, Steinar Arne	M55	2845	Syvde IL	03:58:55	25
399	Midtbø, Arild	M55	3274	Syvde IL	04:07:36	26
457	Eikrem, Gunnar	M55	3690		04:17:20	32
244	Nordal, John Ståle	M60	3964	Syvde IL	04:24:08	31
721	Nygård, Kåre	M50	4027	Syvde IL	04:25:27	32
507	Eikrem, Terje	M55	4047	Syvde IL	04:25:59	30
67	Nordal, Oddbjørg Vik	K50	4232	Syvde IL	04:31:22	32
187	Eikrem, Johan André	M25	4787	Syvde IL	04:51:09	46
108	Nygård, Aud Oddveig	K50	5477	Syvde IL	05:34:27	39



Vi teke med bilete av dei fire som vart Årets Birkebeiner! Vi gratulerer! Gunnar Eikrem, Kåre Nygård og Aud Oddveig Nygård og Johan Andre Eikrem med beviset på at dei er Årets Birkebeiner.

Gry Takset og Hilde Herskedal starta idrettsskule fyrste halvår, med ulike aktivitetar inne og ute. Deltakarane var i alderen 6 til 10 år. Dei hadde 10 samlingar og på det meste 11 deltakarar.

Per dato har 48 personar valgt Syvde Idrettslag som mottakar til sin grasrotandel.

Kvar sommar vert skiltstativet på Sætra ramponert av storfe. Det vart leita etter ein egna stein i skråninga under kraftverkutbygginga, og steinen vart plassert på Sætrevollen med ny aluminiumskilt. Dette i samarbeid med Vanylven Idrettsråd.



Styret til slutt takke for innsatsen til dei som har delteke i styret og nemder og som no takkar for seg!
Tusen takk til all dokke som støttar idrettslaget med sponsormidlar, og TUSEN TAKK til alle dokke som bruker noko av fritida på å skape trivsel i bygda vår!

Etter mange år i styret og som leiar i idrettslaget, har eg komnt til det valget der eg sender stafettpinnen vidare. Eg ynskjer styret og ny leiar lukke til med arbeidet vidare!

For styret: Atle Midtbø- leiar

Årsmelding Øverberg skisenter:



Driftsstyret har i 2019 bestått av:

-Arild Midtbø – leiar

-Kåre Lade

-Andre Sandnes

-Bjørn Skår

-Rolf Åge Sjørdal

Vinteren 2019 vart snøfattig og vi fekk ein kort skisesong. Det vart kjørt 5 turar til Vassdalsbu i februar. Ellers har det vore vedlikehald av trakkemaskina med ettersyn av olje, smørjing, av og på

med skjær og fres for å få maskina i garasjen og lading av batteri i sommar. Det vart gått over heile løypenettet i oktoer med nye stikker og det vart fjerna småkratt i traseen både i Ladebakken, innover mot Vassdalsbu og i Huldreøypa. Det vart i løpet av sesongen dessverre aldri nok snø til å køyre skitrekke. Facebook har vore nytta til å legge ut info om løypekøyring.

25.januar 2020 Arild Midtbø -

Årsmelding Turgruppa:



Årsmelding Turgruppa 2019.


Turgruppa har hatt eitt møte her med meg. Vi diskuterte arbeidsoppgåver og event. fjellturar. Kvar av oss skulle prøve å arrangere kvar sine to fjellturar. Underskrivne har arrangert to fjellturar, ein til Tunheimshornet med ca. 12-15 deltakarar (berre tre frå Syvde og ein tur til Ringfjellet med fem deltakarar (ingen frå Syvde). Ingen av dei andre i Turgruppa har arrangert fjellturar.

Med så lite interesse og få deltakarar og det arbeidet som følger med planlegging, annonsering osv. og kostnadane med dette ser eg for min del ikkje vitsen med å ha

tilbodet. For min eigen del er det i alle fall ikkje interessant. Eg seier difor frå meg deltaking i turgruppa og leiarvervet her.

Helsing Kåre Moen

Årsmelding uteTREning med puls



Utetreningsgruppa har også i 2019 hatt jamn aktivitet gjennom heile året med 45 utetreningar.

Gruppa består hovedsakleg av 9 damer frå Syvde, Eidså og Fiskå.

Sara Larson, Aud Eimhjellen, Siv Vik og Alice Stranden har bytta på å leie treningane som består av styrke- og kondisjonstrening. Trude Sætre har hatt eit par treningar med Yoga.

I sommar slutta Aud som instruktør og Sara har hatt pause i hausthalvåret. Alice har steppa inn og leia fleire treningar i haust. Ho har fått laga eige treningsprogram til oss, via sin personlege trenar.

Det er god stemning på utetreningane – og også i år har vi avslutta kvar trening med eit gruppebilde.

- Siv Vik -

Mandagstrimmen

Siste treningsøkta var 3. juni. Av ulike årsaker har det vore vanskelig å holde aktiviteten regelmessig igong denne vinteren- våren. Har vel vore til saman 12- 13 treningar i fyrste halvår og dei fleste gongane brukte vi skogvegen på Brekke til intervalltrening. Treningane har vore leia av Sigurd Eikrem og Atle har vore reserve.

Sykkelgruppa



På forrige årsmøte vart det valt ei sykkelgruppe som bestod av Oddveig Nordal, John V Nordal og Steinar Arne Nordal som leiar. Sykkelgruppa har ikkje hatt formelle møter men vi snakka litt i lag på 17.mai om korleis vi kan drive aktiviteten i gruppa.

Vi oppretta ei messengergruppe der sykkelinteresserte vart inviterte til å vere med. Det er no 24 personar i denne gruppa. Her legg vi ut aktivitet som kan vere aktuelt for gruppa å delta på.

I sommarhalvåret hadde vi fast sykkeldag på onsdag kveld og også enkelte søndagsturar vart lagt ut i gruppa når veret var lageleg.

Vi hadde fleire fine turar i lag sist sommar, vi kan også nemne 10.august då Camilla Landsverk var med oss på tur rundt Hovda. Ho er aktiv syklist i Eiker sykkelklubb og hadde gode råd og tips å komme med.

Av deltaking i sykkelritt så kjenner vi til at det har vore deltakarar på Ulsteinrittet, Mowi- rittet, Nibberittet, Birkebeiner rittet og Vassend- rittet på Åheim. Gratulerer til Oddbjørg med merke på Birken for 5.gong og til Aud, Kåre, Johan André og Gunnar med Birkebeiner-trippelen.

Nokre har alt meldt seg på Birkebeinerrittet for 2020 og dette kan vere eit fint mål for sykkeltreninga framover. Vi vil prøve å få med endå fleire på Birken i år og tanken er at vi kan starte i ei felles pulje om det er interesse for det.

Ivrige syklistar frå Syvde har vore både i Italia og Spania og sykla siste året, så interessa for sykling som treningsform er stigande i laget.

Vi satsar på eit nytt aktivt år i sykkelgruppa i 2020.

Steinar Arne Nordal - leiar

Årsmelding Herretrim- Ironman



Treningsdag er onsdag kl 19.30- 21.00, gymsalen på Myklebust skule. Vi trenar styrke – kondisjon og kjernemuskulatur. Vi har hatt 21 treningar, stort sett godt oppmøte, frå 3 til 8 personar. Vi har også denne sesongen rekruttert fleire og innsatsen er upåklagelig.

-Atle-

SYVDE IDRETTSLAG 2020

STYRET			
Kontaktpers.	Karoline Lundås	90870942	karoline.lundaas@outlook.com
Kasserar	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Ole Jørgen Strand	97098940	ole_j_strand@hotmail.com
Styremedlem	Bjørn Erik Drage	48146988	bedragr@gmail.com
Styremedlem	Eivind Lars Øvregård	95144022	eivindlars@yahoo.no
Styremedlem	Torgeir Eikrem	92206897	torgeirn_eikrem@hotmail.com
Vara 1	Monika Skår	45475538	bjorn.skaar@mimer.no
Vara 2	Per Magne Sørдал	95177536	pm.sordal@gmail.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
Kontaktpers.	Rolf Åge Sørдал	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Andre Sandnes	99223091	andre.sandnes@gmail.com
	Kåre Lade	91738730	ladekare@gmail.com
ØVERBERGRONDÅ			
Ansvarleg	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
BLÅFELDEN RETT OPP			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
VALNEMD			
Ansvarleg	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
	N.N		
	N.N		
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTRENING med puls			
Ansvarleg	Alice Arnesen Stranden	91743482	
	Sara Larsson	48259605	sara.larsson906@gmail.com
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
MANDAGSTRENING			
Ansvarleg	Sigurd N.Eikrem	99555407	sigurdne@hotmail.no
SYKKEL			
Ansvarleg	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Knut Brudevoll	45202493	brudevollknut@gmail.com